



Likelydande til  
kommunar, helseføretak og sjukehus i  
Sogn og Fjordane og Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Grete Robøle, 5557 2231

## Turnusplassar for fysioterapeutar 15. august 2020 – 14. august 2021 – svarfrist 1. november 2019

Turnusåret 15. august 2020 - 14. august 2021 treng vi 113 plassar til turnusfysioterapeutar frå NTNU og Høgskulen på Vestlandet. Talet kan verte endra. Studentar som etter planen skulle ha byrja turnustenesta 15. august 2019, men som av ein eller annan grunn ikkje kan byrje, kjem i tillegg.

Vi får informasjon om lag 1. november 2019 om det kjem turnusfysioterapeutar med utdanning frå utlandet som skal ha turnusteneste 15. august 2020 - 14. august 2021 i region Midt- og Vest Noreg.

I alt er det behov for om lag 120 turnusplassar.

**Innan 1. november 2019** ber vi om å få opplysningar om kor mange turnusfysioterapeutar som de kan ta imot. Vi ber også om å få opplyst om de har faglege føresetnader for å ta imot fleire.

Opplysningane vi treng er:

informasjon om kor mange turnuskandidatar kvar kommune og sjukehus/helseinstitusjon kan ta imot kvart halvår 15. august 2020 - 14. august 2021

- namn, postadresse, e-postadresse og telefonnummer til kvar turnusstad
- namn på kontaktperson/rettleiar for turnuskandidat, e-postadresse og telefonnummer til kontaktperson/rettleiar

Vi ber om at helseføretaka koordinerer innsamling av opplysningane frå verksemdene i føretaket. Studentane spør etter informasjon om kva avdeling/avdelingar i sjukehuset turnusplassane er ved. Dersom vi kan få opplyst dette, vil vi sørge for at opplysningane kjem med på trekningslista.

I tilfelle det vert nødvendig å be Helsedirektoratet om å gje pålegg, tek det om lag fire månader frå pålegg vert gitt til det er avklart om plassen/plassane er tilgjengelege.

Av omsyn til dei som skal velje turnusplassar, bør trekningslista vere klar til medio februar 2020. For å få dette til, treng vi opplysningane frå dykk innan fristen 1. november 2019.



Ver venleg å bruke vedlagte skjema ved tilbakemelding og send opplysningane til [fmv|post@fylkesmannen.no](mailto:fmv|post@fylkesmannen.no)

Med helsing

Arne Erstad  
juridisk fagkoordinator

Anne Grete Robøle  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg